



Helse- og omsorgsdepartementet

Deres ref.:

Vår ref.: II/xx

Dato: 14. januar 2016

Høyrings svar til endringar i Helse- og omsorgstjenestelova.

Mental Helse Møre og Romsdal har vurdert høyringsbrevet frå Helse- og omsorgsdepartementet med forslag til endringar i ovannemnde lov og vil gje etterfølgjande høyrings svar:

Det er positivt at departemenet vil tydeleggjere kommunen sine plikter overfor pårørande som har særleg tyngande omsorgsarbeid. I Helse- og sosialdepartementet sitt høyringsnotat opererer dei fleste ordningane med ei aldersgrense på 18 år. I dei fleste tilfella vil dei pleietrengande bli verande heime ut over 18 år og ordningane bør gjelde også då.

Nedbygging av statleg helseteneste i samband med gjennomføringa av Samhandlingsreforma medfører at den kommunale helse- og omsorgstenesta får tilbakeført brukarar med større og meir kompliserte behov enn tidlegare, og trykket på pårørande som omsorgspersonar vil også auke.

Såleis må det sikrast at kommunane får økonomi til å skaffe rett og nok kompetanse samt kapasitet i form av tid til å gje informasjon, opplæring og rettleiing innan det psykiske helse- og omsorgsfeltet slik at brukar og pårørande føler tryggleik og beslutningane ikkje blir tatt på sviktande grunnlag. Får pårørande gode kunnskapar og oppfølging, kan det vere med å hindre utbrenning når dei står i krevjande omsorgssituasjonar.

Departementet legg vekt på at omsorgsarbeidet skal synleggjerast, verdsetjast og tydeleggjerast. I forslaget ønskjer departementet å endre omgrepet omsorgsløn til omsorgsstønad, men ein kan ikkje sjå at omgrepsendringa-endringa bidrar til å styrke intensjonen.

I forslaget til ny lovtekst bør ordet kunne fjernast slik at kommunen får ei sterkare plikt om å tilby, og ordlyden blir: Til personer med særlig tyngende omsorgsarbeid skal kommunene tilby pårørendestøtte i form av osv. Elles forstår ein forslaget slik at det er opp til den enskilde kommune om det skal gjevast økonomisk kompensasjon for pleie og omsorg. Vidare omfanget og kor stor støtta skal vere. Ein meiner det bør innførast nasjonale retningslinjer for omsorgsløn slik at det blir meir likskap i ordninga og ordninga blir eit trygt og forutseiande tilbod og godt koordinert med dei øvrige tenestetilboda.

Med vennlig hilsen
Mental Helse Møre og Romsdal

Anna Margrethe Drægebø Moe
Fungerande leiar

Åshild Sivertsen
fylkessekretær